



Saksframlegg

Omklassifisering frå kommunal veg til privat veg - ut på høyring

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------------------|------------|
| 34/25 | Utval for kultur og næring | 13.05.2025 |
| 44/25 | Formannskapet, Plan og økonomi | 15.05.2025 |

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosessens med omklassifisering av kommunale vegar vert vidareført. Formannskapet, plan og økonomi legg dei føreslegne vegane, i samsvar med vedlagde lister, ut til offentleg høyring. Høyringsfrist vert sett til 1. oktober 2025.

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 13.05.2025 - 34/25

Prosessens med omklassifisering av kommunale vegar vert vidareført. Formannskapet, plan og økonomi legg dei føreslegne vegane, i samsvar med vedlagde lister, ut til offentleg høyring. Høyringsfrist vert sett til 1. oktober 2025.

Utval for kultur og næring 13.05.2025

Handsaming

Samrøystes vedteke

UKN - 34/25 Vedtak

Prosessens med omklassifisering av kommunale vegar vert vidareført. Formannskapet, plan og økonomi legg dei føreslegne vegane, i samsvar med vedlagde lister, ut til offentleg høyring. Høyringsfrist vert sett til 1. oktober 2025.

Formannskapet, Plan og økonomi 15.05.2025

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

FPL - 44/25 Vedtak

Prosessens med omklassifisering av kommunale vegar vert vidareført. Formannskapet, plan og økonomi legg dei føreslegne vegane, i samsvar med vedlagde lister, ut til offentleg høyring. Høyringsfrist vert sett til 1. oktober 2025.

Samandrag

Omklassifisering av kommunale vegar er eit naudsynt innsparings tiltak, og rådmannen rår til at dei vegane som administrasjonen har lagt fram i samsvar med vedlegg i saka, vert lagt ut på høyring og vert handsama i tråd med skissert saksgang.

Saksopplysingar

Voss herad har i sak 35/20 vedteke kva kriteria som skal leggjast til grunn for omklassifisering av kommunale vegar:

Kriterium for kommunale vegar som kan vurderast omklassifisert til private vegar:

1. *Vegar utan heilårs fastbuande. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad.*
2. *Vegar med låg trafikkbelastning (td. stikkvegar).*
3. *Vegar som ikkje er nytta til allmennyttige formål/interesser (td. tur/friluftsområde).*
4. *Bakgardar/gatetun/blindveg.*

For at ein veg kan vurderast omklassifisert er det nok at den stettar eit av kriteria.

Saksgang

- Administrasjonen legg fram ei liste over vegar som skal vurderast omklassifisert i samsvar med vedtekne kriteria.
- Dei vegane som vert tilrådd omklassifisert vert sendt ut på høyring til brukarane av vegen.
- Det vert på grunnlag av innkomne merknader utarbeidd ei sak der administrasjonen tilrår kva vegar som bør omklassifiserast, der Heradstyret som siste instans gjer endeleg vedtak.
- Utsending av endeleg vedtak (som ikkje kan påklagast) til brukarane langs vegen.

I sakshandsaminga er dei ulike kommunale vegane i Voss herad gjennomgått og vurdert opp mot dei vedtekne kriteria. Det er teke utgangspunkt i dagens budsjett for å finne ein kronesum pr. løpemeter(lm) veg.

Dette vert ikkje heilt rett, då det er kommunale vegar som er dyrare og drifta enn andre. Dette gjeld typisk vegar som ligg høgt og dermed har t.d. store brøyteknader.

Det er også vegar som ligg på dårleg grunn som gjer at vedlikehald av desse kostar meir.

Hovudplanen for kommunale vegar viser også at det er for lite budsjett i høve til antal meter kommunale vegar heradet har å vedlikehalda.

Utifrå budsjettet er det lagt til grunn ein sum **kr.82 pr lm kommunal veg**. Det er same sum som er lagt grunn for kva heradet kan spara inn på dei enkelte vegane.

Rådmannen si vurdering:

Generelle vurderingar:

Voss herad har eit stort antal kilometer kommunal veg og gate pr 1000 innbyggjar samanlikna med mange andre kommunar. Med ei omklassifisering vil heradet få meir samsvar mellom budsjett og driftskostnadar med kommunale vegar.

Det er utfordringar med omklassifisering av kommunale vegar. Tiltaket vil råka brukarane av dei aktuelle vegane, men slik som den økonomiske situasjonen er i dag får ein ikkje auka opp budsjett for vedlikehald av kommunale vegar, og ein må redusera antal meter kommunal veg som eit innsparingstiltak. Vidare vil omklassifiseringa i tråd med kriteria gjera at det vert ei meir rettviss ordning og såleis likskap for brukarane.

Kva som er dei reelle behovet for driftskostnadar, vert synleggjort i vedteken hovudplan for kommunale vegar i Voss herad.

Kortversjon hovudplan veg: <https://voss.herad.no/f/p1/idcbbb482-f7f6-45e8-9bd4-15ad45b99d52/kortversjon-hovudplan-veg-voss-herad.pdf>

Rettsleg grunnlag for omklassifisering av kommunale veger:

Det rettslege utgangspunktet er Veglova § 7 tredje ledd der kommunen kan fatta vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned. Offentleg veg som vert nedlagt, blir privat veg. Dette fordi det går fram av Veglovas § 1, at alle andre vegar enn dei som er offentlege, er private.

Eit vedtak om nedlegging av offentleg veg etter Veglovas § 7 eller overføring av vedlikehald- og driftsansvar etter Veglovas § 8, er ikkje eit forvaltningsvedtak etter Forvaltningslovas § 28, men eit **politisk** vedtak om at kommunen ikkje lenger vil ta på seg kostnad og ansvar for å halda vegen open som offentleg veg.

Dette medfører at dei som vert råka av vedtaket, mellom anna ikkje har klagerett på vedtaket. Det vil sei at kommunen står fritt til å bestemma om og i tilfelle kva vegar som kan leggjast ned som kommunale vegar. Kommunen må likevel ta omsyn til saklegheit.

Omsynet til kommunen sin økonomi vil vera eit sakleg omsyn ved vurdering om ein kommunal veg skal leggjast ned.

Ved omklassifisering av kommunale vegar er det veglova § 7 tredje ledd, jfr § 8 annet ledd som er heimel kommunen kan nytta til å fatte vedtak for omklassifisering av kommunale veger.

§ 8.

Blir offentleg veg nedlagt, kan vedkomande styremakt gjere vedtak om at veggrunnen heilt ut eller delvis skal nyttast til anna offentleg vegføremål eller til føremon for ferdsla eller dei vegfarande. Som føremon for ferdsla eller dei vegfarande vert òg rekna at bruer, murar, vegstykke eller andre delar av vegen etter vegstyremakta sitt skjønn er verneverdig slik at den bør haldast ved like for komande slekter.

*Nedlagd offentleg veg som ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, kan vedkommande styremakt legge ut til bruk som **privat** veg etter denne lova.*

Blir offentleg veg nedlagt, og veggrunnen ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, og vegen heller ikkje blir utlagt til privat veg, har eigar av eigedom som støyter til vegen rett til å krevje veggrunnen lagt til eigedomen sin mot vederlag etter skjønn, eller dersom ny veg skal byggast over eigedomen hans, mot frådrag etter skjønn i vederlaget for eigedomsinngrep til slik veg. Støyter fleire eigedomar til vegen, skal mogleg tvist om fordelinga avgjerast ved skjønn.

Det er **ikkje** krav om opprusting av kommunal veg før den kan privatiserast, dersom det ikkje føreligg **skriftleg** avtale om at den aktuelle vegen skal ha ein viss standard før den vert omklassifisert.

Veglovas § 8 andre ledd medfører at drifts- og vedlikehaldsansvaret vert overført til private, men kommunen vil framleis ha ein viss disposisjonsrett over vegbruken. Vegane vil då vera opne for nødvendig transport for utrykkingskøyretøy, post- og renovasjonsbilar, septikbilar, skuleskyss etc.

Ved omklassifisering er det, for enkelte vegar, viktig at kommunen beheld eigedomsretten til veggrunnen. Dette sikrar kommunen medverknad i spørsmål knytt til bruk og tilgang til vegane. Kommunen kan difor setja som vilkår at vegar som vert nedlagde eller omklassifiserte, skal vera opne for allmenn ferdsel, jf. veglova § 8 andre ledd.

Økonomiske konsekvensar:

I samsvar med hovudplan for veg har Voss herad ansvar for 317 kilometer kommunal veg.

Driftsbudsjettet for vegavdelinga var i 2024 på 26,3 millionar kroner.

Dette gjev ein kostnad på kr 82 kroner pr lengdemeter veg.

Denne summen er lagt til grunn for kva sum ein kan spara inn på privatisering av dei ulike vegane.

Den økonomiske situasjonen for kommunen er slik at alle tenester må effektivisera og spara inn midlar slik at den negative økonomiske situasjonen kan rettast opp.

Ved omklassifisering av dei vegane som er føreslått lagt ut til høyring (til saman om lag 18 km), vil ein kunne oppnå ei innsparing på om lag 1,5 millionar kroner i driftsbudsjettet.

Ein eventuell reduksjon av driftsbudsjettet må stå i forhold til dei kommunale vegane som vert vedtekne omklassifisert av heradstyret.

Heradet har ikkje plikt til å rusta opp kommunale vegar før dei eventuelt vert omklassifiserte til private vegar. Eit vedtak om opprusting vil medføre betydelege kostnader for kommunen, kostnader det ikkje er budsjettet med i vedteke budsjett for 2025.

Dersom alle vegane som no er ute til høyring vert vedtekne omklassifiserte, og ein vel å ruste desse opp før omklassifisering, vil ei estimert kostnad for berre asfaltering utgjere om lag 10 millionar kroner.

Miljø og klimakonsekvensar:

Sakshandsamar vurderer at ei omklassifisering av kommunale vegar ikkje vil ha verknad for klima- eller miljøkonsekvensar. Vedlikehaldsansvaret, til dømes for stikkrenner, vil overførast til dei nye ansvarshavarane, i tråd med veglova § 54, som regulerer felles vedlikehaldsplikt.

Folkehelsekonsekvensar:

Kommunale vegar som vert omklassifisert og det er sett krav i vedtaket til at dei skal vera open for allmenn ferdsel, skal vedlikehaldas jf. §54 i veglova på ein slik måte at t.d. heimesjukepleiar kjem fram for å utføra sine tenester.

Konklusjon

Omklassifisering av kommunale vegar er eit aktuelt innsparings tiltak, og rådmannen rår til at dei vegane som administrasjonen har lagt fram i samsvar med vedlegg i saka, vert lagt ut på høyring og vert handsama i tråd med skissert saksgang.

Vedlegg

Oversiktskart Granvin

Oversiktskart Voss

na-rundskriv-97-13-retningslinjer-for-tekniske-krav-til-veg-som-skal-omklassifiseres

Sak 35_20_Saksframlegg_Felles kriterier for omklassifisering av kommunale vegar -

Sak 35_20_Vedtak - Felles kriterier for omklassifisering av kommunale vegar

